

2026



Nære eventyr – på tur der du bur

Roholtsfjell

Kviteeid Turlag



VELKOMEN PÅ TUR

Ti-topparen Kviteseid er eit samarbeid mellom Kviteseid Idrettsråd og Kviteseid Turlag.

For året 2026 vil registreringsperioden vere 01. januar - 09. september. Turane kan tidleg i sesongen nås på ski, truger eller på beina. Ti-topparen er eit tilbod til turinteresserte i alle aldrar, og er meint som eit trimopplegg for trivsel og velvære. Ti-topparen er gratis for alle som ynskjer å delta, men du kan støtte oss med medlemskap i DNT Kviteseid Turlag, bli grasrotandelgjevar eller vippse.

Vi vil ha fokus på sporlaus ferdsel.

Vi understrekar at allemannsrett til fri ferdsel i utmark forpliktar; vi har alle ei plikt til å ta vare på den naturen vi ferdast i. Når du er ute, er det viktig å ta vare på naturen og mangfaldet den representerar. Sporlaus ferdsel handlar om å ikkje etterlate seg meir enn sitt eige fotavtrykk i naturen. Ta omsyn til jordsmonn, myr, planter, dyr, fisk og fugl. Hugs at dersom du etterlet deg ting som ikkje høyrer heime i naturen, kan det skade både planter, dyr og menneske. Her er nokon hugsereglar på korleis du kan ferdast sporlaust i naturen:

- Etterlat staden finare enn då du kom, ta med eige og andre sitt søppel.
- Dopapir/tørkepapir: Er du på dagstur, tar du papiret med deg heim.
- Brenn bål berre når det er lov, og bruk helst gamle bål plassar. Ikkje brenn bål på svaberg.
- Ha hunden i band når det er bandtvang. Hundeposar skal alltid i restavfall.
- Lat steinar ligge i fred. Ikkje bygg vardar eller flytt på steinar. Nye vardar kan

villeie, og ein øydelegg urørd natur.

- Ta med deg heim alt du tok med deg på tur.
- Ikkje øydelegge stiar ved sykling i utmark (spesielt sårbart ved myr/fuktig mark).
- Ta omsyn til jakt og unngå å forstyrre og ferdast der det er jakt.

Informasjon om korleis ein deltek i Ti-topparen Kviteseid:

I 2026 har vi 20 toppar fordelt på heile kommunen. Alle vaksne som går 10 ulike toppar, og alle barn som går 5 ulike toppar blir med i trekning av gåvekort. Alle barn som fullfører får premie.

Du kan registrere turen din på skjemaet bak i brosjyra. Vaksne kan registrere digitalt i SjekkUt appen (du må då opprette ein profil i Ut-appen, og følge lista "Ti-topparen Kviteseid"). **Barn må registrera toppane på skjemaet.** Det er lagt ut brosjyrar på Joker, Straand Hotel, Turistinformasjonen i Vrådal, Kiwi og Kviteseid Bok og Papir i Kviteseid, Morgedal Hotel og Norsk Skieventyr i Morgedal. For å delta i konkurransen, må du fylle ut skjemaet og levere det innan 15. oktober til Kviteseid Bok og Papir, eller på e-post til Kviteseid.turlag@dnt.no. Innsjekkdato i SjekkUt kan ikkje vere seinare enn 09. september.

Kart og skildring av kvar topp finn du på nettsidene til Kviteseid Turlag og Kviteseid kommune, informasjonsbrosjyre, og i UT-appen. Ti-toppar logoen er laga av Sonja Bakken Braun.

Årets toppar:

- | | |
|--------------------|----------------------|
| 1. Hægefjell | 11. Valskorfjellet |
| 2. Roholtfjell | 12. Høgås |
| 3. Venelifjell | 13. Haukstoga |
| 4. Fagerliheii | 14. Austgardsnuten |
| 5. Ånås | 15. Skardstøylnetten |
| 6. Næring | 16. Åhomnuten |
| 7. Brokefjell | 17. Dyrskardnuten |
| 8. Kongsbergdam | 18. Månin |
| 9. Ordalsåta | 19. Stigen/Svollåi |
| 10. Kastedslskotet | 20. Striplefjell |

Fullstendig skildring av turane finn du på UT.no.

1. Hægefjell, 1020 moh.

Hægefjell ligg omtrent midt på grensa mellom Vrådal i Kviteseid og Fjone i Nissedal. Kjør bomvegen til parkeringa på toppen av hyttefeltet ved Vrådal Panorama skisenter. Turvegen er merkt med raudt til toppen av Hægefjell. Frå Hægefjell går du same stien tilbake til utgangspunktet.

Turen er ca. 12 km, ca. 5 timer t/r.

2. Roholtfjell, 1005 moh.

Fjellet består av to smale ryggar, og er greie å gå på i tørt vêr. Turen er T-merka. Frå foten av fjellet og opp til toppen er det bratt stigning. Du kan starte i Vrådal sentrum (Eidstod) eller på Heia. Turen til toppen er ca. 7,9 km frå sentrum og 5,2 km frå Heia (ein veg). På begge stadene er det avmerkt P-plass.

3. Venelifjell, 905 moh.

Kjør sørover frå Vrådal på RV 41 til skilt: Veneli P 4,5 km. Bomveg. Parkering ved Bendiksmyr. Turen til toppen er ca. 2 km. Stiane er godt rydda og T-merka. Frå Venelitjørn følger du stien vidare til toppen av fjellet, eit lite stykke med lett klyving.

4. Fagerliheii, 911 moh.

Merka sti opp til varden på Fagerliheii startar frå Passet/fjellskjæringa. Det står eit skilt ved vegen. Det er stigning heile turen, og det meste av stien går på flotte sva, som kan vere glatte i regnvêr. Turen er ca. 5,5 km t/r. Frå Vrådal kjem ein nordfrå på riksveg 41 og tar av ved Steane på fylkesveg 38. Ca. 3,5 km til parkeringa langs vegen ved Kaldevatn rett før Passet/fjellskjæringa.

5. Ånås, 492 moh.

Eit landemerke i Fjågesund er den høge fjellveggen Hyvrenuten tilhøyrande fjellet Ånås. Skiltet til Ånås står ved hovudvegen (Rv 304). Det er parkering ved grendehuset. Etter byggefeltet kjem ein inn på traktorveg og sti. Turen opp til Ånås er på 2,9 km.

6. Næring, 776 moh.

Næring ligg rett sør for Fjågesund. Turstien startar ved Knarrbua, (langs vegen over til Tørdal), der det er parkeringsplass. Telenor har antenneanlegg på toppen. Turen til Næring er på ca. 2,5 km.

7. Brokefjell, Heststonuten, 1044 moh.

Turen til Brokefjell kan ein starte på fleire stadar. Kviteseidbyen, ved legesenteret, eller frå Kvitsund gymnas. Her er det og P-plass. Turstiane møtast ved Løkvaet og går vidare som ein sti til toppen av Heststonuten. Relativt blaut myrterreng rundt Løkvaet. Frå Kvitsund er det ca. 7 km til toppen, frå legesenteret ca. 10 km. Krevjande tur.

8. Kongsbergdam, 378 moh.

Kongsbergdammen er ei høgd like nord for Kviteseid sentrum. Start for turen ved RV. 41 (Uppsund), kor det er P-plass. Flott utsiktsplass over Kviteseid og Sundkilen på toppen. Løypa er ca. 1,7 km ein veg, og du treng frå 30-40 min. på å gå opp.

9. Ordalssåta, 1136 moh.

Ein fin tur i vakker natur og ikkje minst, kjempeutsikt frå Kviteseid kommune sitt nest høgaste fjell. Parkering og start for turen er ved Nystaulvatnet øvst i Ordal. Avkøyring frå E134 ca. 1 km aust for Brunkeberg. Følg kommunal veg gjennom Ordal ca. 7 km. Bomavgift. Løypa er ca. 4 km ein veg, med ein høgdeforskjell på 518 meter.

10. Kastedalskotet, 635 moh.

Ein kort topptur på historisk grunn. Kastedalskotet er Sondre Norheim si kjente uvyrdslåm. Start for turen og parkering er i krysset kommunal veg (Morgedalsvegen) og E134 ved Moskei. Sidan det er ein rundtur kan ein gå begge vegar, men tilrådd retning er å gå langs Morgedalsvegen ca. 900 m til krysset Kleiv/Bjålandgrendi. Ta til venstre og gå ca. 200 m til ein kjem til ein stor plass på venstre hand. Kryss denne plassen og følg merka sti til Geitaråsen og vidare til gapahuken og ned att til parkeringa. Rundturen Kastedalskotet-Geitaråsen er på 3,4 km og 230 høgdemeter.

11. Valskorfjellet, 645 moh.

Valskorfjellet er ein liten topp med fantastisk utsikt i Brunkeberg. Turen er ikkje så lang, men det er ein del stigning. 1,3 km ein veg, med ei stigning på ca. 280 m. Køyr frå Brunkeberg mot Morgedal. Etter at 60 sona er slutt, er det ein veg inn til høgre på toppen av den fyrste bakken. Der er det parkering, og der er det merka kvar løypa startar.

12. Høgås, 525 moh.

Høgås er ein annan liten topp i Brunkeberg. På toppen er det sitteplassar, og ei lita bu, Grublebu. Turen er ikkje så lang, men bratt, og følger ei traktorslepe. Parkering på parkeringsplass langs RV 41 på andre side av Brunkeberg kyrkje. Gå Kyrkjevegen forbi kyrkja og til bommen. Vidare ca. 140 meter på E134, til hus nr. 2 på høgre side. Kryss vegen her og gå forbi huset. Her startar løypa. Frå parkeringsplassen er det ca. 1,5 km til toppen.

13. Haukstoga, 625 moh.

Haukstoga er endepunkt i Tveitgrendløypa i Tveitgrend, Kviteseid. Følg skilting frå Kviteseid sentrum. Utsiktspunktet Haukstoga formeleg «heng» loddrett om lag 500 meter over Bandak. Du kan starte turen frå ulike stadar. Startar du frå Tveitgrend grendehus er det ca. 5,4 km ein veg. Du kan og starte frå Heimdal lenger opp i grenda, då er det ca. 4 km t/r. Parkeringsplass ved grendehuset eller lomme langs vegen om du startar turen ved Heimdal. Kart over stinettet ved grendehuset

14. Austgardsnuten, 405 moh.

Familievenleg tur med start frå parkeringa ved fotballbanen i Vrådal. Turstien går i småkupert og slakt stigande terreng i open skog, skogsveg og sti. Blåmerka. Gapahuk på toppen.

Frå parkeringsplassen er det ca. 2,3 km til utsiktspunktet.

15. Skardstøylnetten, 890 moh.

Skardstøylnetten ligg på toppen av Tverrfjellet i Vrådal, eit fint fjellplatå med utsikt i alle himmelretningar. Turen startar på toppen av skiheisen i Vrådal, og følger raudmerka sti mot Hægefjell opp Tverrfjellet. Vel oppe og nede i fyrste skar deler stien seg, raudmerka til venstre mot Hægefjell, og umerka rett fram til Skardstøylnetten. Turen er ca. 2,5 km ein veg med ei stigning på ca. 170 m.

16. Åhomnuten, 841 moh.

Åhomnuten er ein topp aust for Vrådal sentrum og sør for Dyrskardnuten i det same fjellområdet. Det er to aktuelle utgangspunkt for ein tur til Åhomnuten, anten Furuheim, eller parkeringa ved skytebanen på Heia. Dei delvis merka stiane møtast oppe i lia og fortset opp Mørkedalen til skaret sørvest for toppen. Vel oppe i skaret tar du av til høgre, ei ganske bratt oppstigning. Ca. 3,2 km. ein veg frå Heia, ca. 460 m. stigning.

17. Dyrskardnuten, 767 moh.

Dyrskardnuten er ein topp aust for Vrådal sentrum og nord for Åhomnuten og same utgangspunkt. Ca. 2,3 km. ein veg frå Heia, ca. 388. m. stigning. Det står skilt der stien deler seg øvst i skaret.

18. Månin, 818 moh.

Du kan parkere ved krysset til Bjålandsgrendi i Morgedal. Ca 2,5 km ein

veg, ca. 340 m stigning. Følg vegen opp til informasjonstavla til Øverbø.

Vidare skogsveg og sti ca. 1,5 km.

opp til Månin. Vegen opp er merka.

Gapahuk på toppen som ein kan

raste i. I tillegg gjestebok. Flott utsikt over Morgedal. Lett til moderat krevjande tur.

Til tider litt bratt.

19. Stigen/Svollaåi, 527 moh.

Frå Kviteseid sentrum kjører ein nordover forbi kyrkja. Når ein kjem til vegkrysset til skulen, tar ein til venstre. Ein kjører rett fram og over Mossbrua, og vidare oppover bakkane. Ved neste vegkryss tar ein til høgre, og fylger denne vegen oppover. Etter ca 2,5 km kjem ein til Tveitgrendtunet. Her tek ein opp til høgre. Følg Brandbuvegen, hald til høgre i fyrste kryss, 2. og 3. kryss til venstre. Følg denne vegen til bommen. Der er det parkering. Frå parkering og opp til utsiktspunktet t/r er det ca 1,4 km. Det er grusveg og noko bratt.

20. Striplefjell, 301 moh.

Frå Kviteseid sentrum køyrer ein nordover forbi kyrkja. Når ein kjem til vegkrysset til skulen, tar ein til venstre, rett fram og over Mossbrua. Vidare opp bakkane, oppå flata svinger ein til venstre, og kjører ca. 1 km ned mot Bandak.

Parkering langs den kommunale vegen.

Turen startar på bratt traktorveg opp til plassen Meinstad. Frå her er det slepe eit stykke oppover, før du tar av på sti til venstre ut til utsiktspunktet.

Du kan fortsette turen vidare nedover på sti frå utsiktspunktet, til Bergland ved Sundkilen.

GOD TUR FRÅ KVITeseid TURLAG OG IDRETTSLAGA I KVITeseid!



Turkart for Kviteseid kan du kjøpe ulike stadar i kommunen, eller ved å ta kontakt med Kviteseid Turlag.

Bli medlem i Kviteseid Turlag: <https://www.dnt.no/medlem/>

Det er gratis å delta i Ti-topparen, men støtt oss gjerne ved å vippe: **Vipps: #807250**



REGISTRERINGSSKJEMA 2026

Namn på deltakar:

Alder, barn:

Telefonnummer:



1. Topp: Dato:	6. Topp: Dato:
2. Topp: Dato:	7. Topp: Dato:
3. Topp: Dato:	8. Topp: Dato:
4. Topp: Dato:	9. Topp: Dato:
5. Topp: Dato:	10. Topp: Dato: